

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 13/2011

Møtedato: 16.3.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Vasetløypene – midlertidig plassering av plasthall

Vasetløypene har vore i kontakt med fjellstyret for å høyre om det er mulig å plasser ei plasthall ved siden av fjellstyret sitt lageret. Dette skal berre vera ei midlertidig løysing til det kan førast opp eit fast bygg. Fjellstyret har vaskeplass for hengar og elgtrekk der plasthall er tenkt plassert og det må vera att plass til dette. Ny og permanent lager ynskjer Vasetløypene å føre opp ovanfor Brennabu. Dette blir teke med i revidering av kommunal plan for området, men det er usikker om dette blir teke inn og når planen blir ferdig.

Ein kan ikkje rekne med byggestart på nytt lager før tidlegast neste sumar. Ein midlertidig plasthall vil derfor minimum stå eitt år, kanskje to.

Oppføring av eit slik bygg krev samtykke frå både kommunen og Statskog.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at Vasetløypene får føre opp midlertidig lagerhall ved siden av fjellstyret sitt lager for ei periode på inntil 2 år. Endeleg plassering av lagerhall skal skje i samråd med fjellstyret.

Vasetløypene må sjølv innhente samtykke hjå kommunen og Statskog.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.3.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vastløypene
Statskog
Vestre Slidre kommune